

ØVRE- OG NEDRE STORELVI KRAFT

27. januar 2014

Tilsvar på innkomne høyringsfråsegner i
samband med høyringa av
konsesjonssøknad for Øvre- og Nedre
Storelvi kraftverk, Luster kommune.

NVE – Konesjons- og tilsynsavdelingen
Postboks 5091
0301 Oslo

Veitastrond 17.1.2014

Øvre- og Nedre Storelvi Kraft (ØNSK), Luster kommune. Svar frå Øvre- og Nedre Storelvi Kraft i samband med høringsfråsegner til konsesjonssøknaden.

Bakgrunn

Vi viser til e-post datert 11.11.13, der Dykk ber om Øvre- og Nedre Storelvi Kraft (ØNSK) sine kommentarar til desse:

1. *Luster kommune*
2. *Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane*
3. *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*
4. *Statens vegvesen*
5. *Sogn og Fjordane Energi AS*
6. *Sogn og Fjordane Turlag*

ØNSK sine kommentarar til dei enkelte fråsegnene:

Luster kommune:

Kommunestyrevedtak 7.11.2013, sak 73/13:

0. *Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Storelvi Øvre og Storelvi Nedre kraftverk på Veitastrond med tilhøyrande elektriske anlegg på følgjande vilkår:*
1. *For begge kraftverka skal minstevassføringa i perioden 1/10 – 30/4 setjast lik 5-persentilen vinter, dvs. 0,67 m³/s.*
2. *For Storelvi Øvre kraftverk skal minstevassføringa i perioden 1/5 – 30/9 setjast til 2,5 m³/s.*
3. *For Storelvi Nedre kraftverk skal minstevassføringa i perioden 1/5 – 30/9 setjast lik 5-persentilen sommar, dvs. 7,15 m³/s.*
4. *Kraftverka må byggjast på ein måte som tek vare på jettegrytene i området.*
5. *Det må setjast krav til støydempende tiltak ved bygging av kraftstasjonane og val av utsleppsløysing slik at støynivået held seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442.*
6. *Utbyggingane må elles utførast med dei avbøtande tiltaka som går fram av søknaden.*
7. *Tilrådinga gjeld uavhengig av teknisk løysing som vert valt for vassvegen, tunnel eller nedgraven røyrgate.*

Øvre- og Nedre Storelvi Kraft (ØNSK) :

0. Det er svært positivt at Luster kommune (LK) tilrår kraftprosjekta på nemnte vilkår. Vi er glade for at kommunen, som den viktigaste høyringsparten, støttar prosjektet og vi meiner dette viser at prosjeka er lokalt forankra i Veitastrond og i Luster kommune.
1. Det er allereie teke omsyn til dette i søknaden (minstevassføring; 5-persentil verdi vinter på 0,67 m³/s). Ettersom LK tilrår ei høgare minstevassføring på Storelvi Nedre for sommarperioden ønskjer vi å utvide vinterperioden med ein månad slik at denne perioden blir frå 1.10-1.6. Etter vår oppfatning vil denne perioden representere og gjenspegle vassdraget betre ettersom bresmeltinga normalt ikkje tiltek for fullt før i juni. Dette vil også ut ifrå produksjon/økonomi gjere det enklare for ØNSK å etterkomme ei høgare minstevassføring på sommaren enn det som er omsøkt for Storelvi Nedre.
2. Dette er også eit vilkår som er med i søknaden, og som vi vil etterkomme. Som kommentert i pkt 1. ønskjer vi å endre vinterperiode til 1.10-1.6.
3. Vi har vurdert dette og meiner 7,15 m³/s er relativt mykje minstevatn i høve til behov. Vi reknar med NVE og dei andre høyringspartane danna seg eit inntrykk av vassføring på synfaringa den 31.10.2013. Ut i frå at målestasjonen som er nytta i hydrologirapporten for Storelvi; Bøyumselv (Fjærland), viste 1,88 m³/s for 31. okt (døgndata) vil ein med omrekningsfaktor på 2,88 få ut at estimert vassføring i Storelvi på 5,4 m³/s denne dagen. Vi meiner 5,4 m³/s skulle være tilstrekkeleg ut i frå landskap og biologiske omsyn. Vi har gjort ei vurdering av produksjonskonsekvensane ved ulike minstevassføringar (vedlegg 3). Her er også teke inn alternativet med kontinuerleg tunell frå inntaket for øvre fall til stasjonsplassering for nedre fall.

Tabell – årsproduksjon ved ulik minstevassføring perioden 01.05 -30.09. For vintersesongen er det brukt 0,67 m³/s (5-persentil).

Minsetvf. Sommar m³/s	Øvre Storelvi GWh	Nedre Storelvi GWh	Sum Ø. + N. GWh	Samla ved kontinuerleg tunnel GWh
2,5	13,5	15,5	29,0	30,2
5,4	12,5	14,4	26,9	27,7
7,15	11,5	13,2	24,7	25,6

4. Vi viser her til vedlegg 1 og 2. Vi meiner endringane som er lagt inn i prosjektet etter synfaring, med vassveg i fjell i staden for røyr, gjer at vi ikkje vil komme i konflikt med jettegrytene.
5. Ettersom området er i tilknytning til hus og området er nytta til landbruksføremål (setring/beite) er det viktig for oss at det ikkje blir støyforureining frå kraftverket i etterkant av ei utbygging. Vi vil difor leggje inn tekniske løysingar som ivaretek dette.

6. Ok.
7. Ok. Viser til vedlegg 1 og 2 der endra vassvegsløysing er skildra.

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 06.11.2013 som sak 101/13 og det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Kjerringsnes kraftverk, Ugulsvik kraftverk og Storelvi Øvre kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser.*
- 2. Fylkeskommunen rår til at det vert gitt konsesjon, på slike vilkår: Vassvegen til Storelvi Øvre kraftverk skal byggast i fjell.*
- 3. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Storelvi Nedre kraftverk til å vere større enn ulempene og rår til at konsesjon vert gitt. Minstevassføring må vurderast. Det må elles leggjast vekt på avbøtande tiltak som tek vare på kulturmiljøet ved Vårstølen*

og god opprydding og tilbakeføring av landskapet etter utbygging.

Øvre- og Nedre Storelvi Kraft (ØNSK) :

1. Det er svært positivt at også Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane (FK) tilrår Øvre Storelvi kraftverk.
2. Vi har etterkomme ønske om at vassvegen for Øvre Storelvi kraftverk skal byggjast i fjell. Sjå vedlegg 1 for detaljar.
3. Det er svært positivt at også Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane (FK) tilrår Nedre Storelvi kraftverk. Vi har som kommentert i pkt 3 til Luster kommune etterkomme ønske om ei høgare minstevassføring tilsvarende 5,4 m³/s. Vi har også endra vassvegen for Nedre Storelvi slik at denne blir liggjande i fjell. Dette sammen med ei høgare minstevassføring meiner vi ivartek tilpassingar i høve til landskapet i området og kulturmiljøet ved Vårstølen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: ***(Pkt 1-3 Storelvi Øvre og pkt 4-6 Storelvi Nedre)***

- 1. Storelvi øvre kraftverk med inntak, kraftstasjon og påverka elvestrekning vil verte lite synleg frå vegen til Tungastølen, så vi vurderer påverknaden på friluftinteressene som akseptable.*
- 2. Det må likevel stillast store krav til detaljplanlegginga av inntak, kraftstasjon og første del av røyrkata på grunn av dei nemnde naturverdiane. Vi vil understreke spesielt at det ikkje må gjerast inngrep i jettegrytene, som vi vurderer til å ha stor*

- verdi også nasjonalt. Elveøyra må også ivaretakast i størst mogleg grad, og til saman tilseier dette at denne delen av vassvegen må leggjast i tunnel gjennom bergnakken.*
- 3. Konklusjon: Storelvi øvre kraftverk med inntak, kraftverk og regulert strekning vil vere lite synleg frå innfartsvegen til nasjonalparken og det regionalt viktige turområdet ved Tungastølen, og vi vurderer påverknaden for landskap og friluftsliv som akseptable dersom det vert sett som vilkår at det ikkje vert gjort inngrep i dei unike jettegrytene nedanfor inntaket, og at elveøyra ovanfor inntaket kan ivaretakast.*
 - 4. Storelvi nedre kraftverk vil i langt større grad verte synleg og råke landskapet og friluftinteressene. Inntaket samt delar av strekninga som vil få redusert vassføring etter utbygging vil verte godt synleg frå vegen, og tiltaket vil dermed redusere landskapsverdien for turgåarar og reisande til og frå Tungastølen. Elva med fossen rett ovanfor brua og kraftstasjonen nedafor brua er godt synlege både frå brua og delar av denne sidevegen. Inngrepa og strekninga med redusert vassføring vil også verte synleg frå turstien i Snauedalen. Olje- og energidepartementet har tidlegare avslege eit kraftprosjekt i Snauedøla på grunn av dei store landskaps- og friluftinteressene.*
 - 5. Inntaket til Storelvi nedre kraftverk er planlagt direkte i ein bergskolt med jettegryter. Vidare er det planlagt å sprengje trasé for vassvegen gjennom ein skolt til i retning vegen. Dette vert etter vår vurdering omfattande inngrep i og ved viktig vassdragsnatur. Når det gjeld traseen ved vegbommen på Vårstølen forstod vi på synfaringa at vassvegen skal leggjast rett utanfor bergskolten som ligg nær vegen sjølv om teikningane i søknaden viser at røyrgata skal følgje elvekanten. Dersom det skal etablerast eit kraftverk vil trasé nær bergskolten etter vår vurdering vere ei betre løysing.*
 - 6. Storelvi nedre kraftverk med inntak, kraftverk og regulert elvestrekning vil vere svært synleg og vil etter vår vurdering råke landskapet og friluftinteressene i stor grad, slik det var for søknaden om Snauedøla kraftverk. Vi vil rå i frå at det vert gjeve konsesjon til Storelvi nedre kraftverk.*

Øvre- og Nedre Storelvi Kraft (ØNSK) :

1. Det er positivt at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FMSF) vurderer at påverknaden på friluftinteressene er akseptable for Øvre Storelvi.
2. Vi viser her til vedlegg 1, 2 samt tidlegare kommentarar. Vi meiner endringane som er lagt inn i prosjektet etter synfaring, med vassveg i fjell i staden for røyr, gjer at vi ikkje vil komme i konflikt med jettegrytene og etterkjem innspela til FMSF.
3. Det er svært positivt at også FMSF vurderer påverknaden for landskap og friluftsliv som akseptable for Øvre Storelvi dersom det vert sett som vilkår at det ikkje vert gjort inngrep i dei unike jettegrytene nedafor inntaket, og at elveøyra ovafor inntaket kan ivaretakast.
4. Vi meiner endringane som no er tilpassa i prosjektet Nedre Storelvi;
 - a. Auka minstevassføring
 - b. Vassveg i fjell

ivaretek dei landskaps- og friluftsmessige utfordringane FMSF peikar på i denne kommentaren.

5. Vi meiner desse utfordringane vert ivarteke med dei justerte planane som framkjem i vedlegg 1 og 2.
6. Vi håpar FMSF, til liks med Luster kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune, ser at desse interessene blir ivareteke med justeringane som er lagt inn i vedlegg 1 og 2 og kan gå inn for dette prosjektet i tillegg til Øvre Storelvi.

Statens vegvesen:

1. *Ved all bygging/utbetring av tilkomstveg må det søkjast Statens vegvesen om eventuelt utvida bruk av eksisterande avkøyrslø, eller om ny avkøyrslø frå fylkesveg 337.*
2. *Ei eventuell føring av tilløpsrør langs veg må ikkje komme nærare veg-skulder/fylling enn 1 meter. Ynskjer de likevel å føre tilløpsrør nærare enn dette eller inn på Statens vegvesen sin eigedom, så må de søkje om dette. Ynskjer de å krysse fylkesvegen må de søke om dette.*

Øvre- og Nedre Storelvi Kraft (ØNSK):

1. Ok. Før ØNSK startar opp med detaljplanarbeidet blir det naturleg å gjennomføre eit møte med vegvesenet om dette, slik at nødvendige søknadar blir innsendt.
2. Slik Øvre- og Nedre Storelvi Kraft no er planlagt ser vi ikkje at dette skal komme i konflikt med grensene for fylkesvegen.

Sogn og Fjordane Energi:

1. *Dagens sentralnett mellom Ørskog og Aurland har i dag ikkje kapasitet til meir ny produksjon før nødvendige tiltak er gjennomført. Statnett, Istad Nett og SFE Nett orienterte NVE om dette i brev datert 01.04.2009. 420kV Ørskog-Sogndal vil avhjelpe denne flaskehalsen. Ei nærare orientering om nettkapasiteten for ny produksjon i Indre Sogn vart gjeve av Statnett i brev til NVE 02.07.2013. Kort oppsummert må 420kV Ørskog-Høyanger være sett i drift samt Sogndal stasjon med tilhøyrande SVC-anlegg før Fardalen Kraftverk kan koblast til nettet. Ørskog — Sogndal er under bygging, men framdrifta er framleis usikker.*
2. *Det er og ein mogeleg flaskehals i sentralnettet mellom Leirdøla og Fardal/Sogndal ved auka produksjon under sentralnettpunkta Leirdøla og Fortun. I nemnde brev (02.07.2013) vurderer Statnett ledig kapasitet her til 100MW, med den føresetnad at også systemvern (PfK) vert nytta. Det er isolert sett rom for dei fire konsesjonssøkte kraftverka, men ikkje samla konsesjonsgjeven og —søktmengde. Nettkapasitet her må derfor avklarast nærare med Statnett om konsesjon vert gjeven.*

Øvre- og Nedre Storelvi Kraft (ØNSK) :

1. Vi har gjennom informasjon og dialog med Statnett fått kjennskap til at Ørskog-Sogndal (Fardal) skal spenningsetjast i 2016, og dette vil då harmonere tilfredstillande med framdrifta for ei utbygging av 66 kv-linja mellom Hafslo og Veitastrond som ØNSK skal knytast til.
2. Vi har gjennomført møte med Luster energiverk om dette i desember 2013. Vi er kjent med at det er ledig kapasitet mellom Leirdøla og Sogndal på ca. 100 MW, og med dette som utgangspunkt veit vi at det er ledig kapasitet for Øvre- og Nedre Storelvi kraft føresett at vi får ei positiv avklaring innanfor tidsestimatet NVE opplyste om på synfaring i haust for prosjektet.

Sogn og Fjordane turlag (SFT):

1. *Kommentarar til utbyggingsplanane: 2.1 Hovuddata: Slukevna for kraftstasjonen er maksimum 170%, og minimum 11,9% av middelvassføringa. Dette må reknast som ei normal vassutnytting i dag. Installert effekt er oppgitt til 3,9 MW for Storelvi Øvre og 4,4 MW for Storelvi Nedre. Høgt oppe på side 12 i konsesjonssøknaden, er dei same tala oppgitt til 4,2 MW for Øvre og 4,7 MW for Nedre. Vi går ut frå at utbyggarane klargjer overfor NVE kva som er dei rette tala.*
2. *Produksjon: Her må det vere ein alvorleg feil i tala som er oppgitt i konsesjonssøknaden. I ei breelv som dette skal det kort og godt ikkje vere mogeleg at produksjonen er ca. 65% høgare om vinteren enn om sommaren, slik det står i søknaden! Vi går ut frå at NVE krev å få oppgitt (og seinare kontrollreknar)*
3. *Minstevassføring: Omsøkt minstevassføring om sommaren er berre litt over 1/3 av 5-persentilen, 2.500 l/s. Dette er svært lågt, men under tvil kanskje akseptabelt for Storelvi Øvre. (Vi ber NVE vurdere dette.) For Storelvi Nedre derimot, der elva er eit svært viktig landskapselement, er ei minstevassføring på berre 2.500 l/s altfor, altfor lågt. Viss det i det heile vert gitt løyve til denne utbygginga, så må minstevassføringa om sommaren aukast kraftig. Etter vårt syn bør den her vere 10.000 l/s, altså noko høgare enn 5-persentilen! Omsøkt minstevassføring om vinteren er OK.*
4. **Røyrgate:** *Ei nedgraven røyrgate med eitt røyr med diameter 2 m, og eitt med diameter 2,2 m ved sida av kvarandre, vil gje omfattande terrenginngrep med truleg svært mykje fjellsprenging! For Storelvi Øvre, der det er lite ferdsel i nærområdet til elva, og der det er lite eller ingenting innsyn frå vegen som går til Tungestølen/Nyestølen, er dette truleg akseptabelt.*
5. *For Storelvi Nedre derimot, er det annleis. Der kjem inngrepa i område med stor ferdsel og svært godt innsyn. For den øvre delen av røyrгатetraseen, på oppsida av bomstasjonen for vegen til Tungestølen/ Nyestølen, vil røyrгатetraseen kanskje/truleg kunne skjulast nokolunde bra viss det vert gjort veldig godt oppryddingsarbeid. Men frå og med bommen og nedover mot kraftstasjonen, der røyrгатetraseen går vekk frå vegen, og der det er bratt og stort sett berre fjell, der vil inngrepa med all fjellsprenginga bli så omfattande at dei ikkje let seg "kamuflere", nesten uansett kor*

godt arbeid som vert gjort. Verknaden av inngrepa vert forverra av at den svært breie røyrgatetraseen her vil gå like ved sida av elva der dei flottaste fossestryka er, og der innsynet til desse er best. **Under sluttsynfaringa for kraftverka ber vi NVE sjå ekstra grundig på røyrgatetraseen på denne strekninga, for å vurdere dei påstandane vi her kjem med. Vårt syn er at inngrepa her vert uakseptabelt store.**

6. **Kraftstasjonar:** Vi har ingen spesielle merknader til plasseringa av, eller utsjånaden på stasjonane. God støydemping er viktig for begge stasjonane, og særleg for Storelvi Nedre, der det er ei rekkje hus og hytter i nærområdet, og der trafikken av mellom anna turgåarar, er stor. Ettersom kraftstasjonane tek så stor del av den samla vassføringa i elva nedanfor den nedste kraftstasjonen, ber vi NVE vurdere om det er trong for omløpsventilar i stasjonane.
7. **Vegbygging:** Vi har ingen spesielle merknadar til vegbygginga i tilknytning til utbyggingane. I konsesjonssøknaden har vi merka oss følgjande: "Mellom kraftstasjonen og inntaket vert terrenget tilsådd, men planert slik at det er framkommeleg med maskiner for seinare vedlikehald." Dette synest vi er veldig fornuftig! Då vert traseen både framkomeleg og lite synleg samstundes.
8. **Alternative utbyggingsløyningar:** Eitt moment ved val av utbyggingsløyning som ikkje er nemnt, er at viss ein hadde bygd berre eitt kraftverk i staden for 2 som omsøkt, (inntaksplassering som for Øvre, og kraftstasjonsplassering som for Nedre,) så ville truleg den samla maskininstallasjonen i dette eine kraftverket vorte redusert til 5,5 MW. Dette av skattemessige årsaker. Ein slik reduksjon ville resultert i lågare slukevne for kraftstasjonen. Det ville truleg vore nok med eitt røyr i staden for 2 i røyrgata. Som følgje av dette hadde terrenginngrepa vorte betydeleg mindre, og restvassføringa i elva ville vorte ganske mykje større om sommaren. Truleg ville eit slikt kraftverk vorte minst like lønsamt som den konsesjonssøkte 2-delte utbygginga, men den samla kraftproduksjonen ville vorte ein del lågare.
9. **Biologisk mangfald:** Vi har ikkje vurdert dette på ein skikkeleg måte, og reknar med at Fylkesmannen og NVE sine fagfolk gjer det. Vi har likevel merka oss den sterke tilrådinga om at evertebratfaunaen bør granskast nærare, og at potensialet for interessante funn er stort. **Med bakgrunn i "føre var-prinsippet", ber vi NVE om å krevje ei tilleggsutgreiing om dette!** Når det ifølgje Naturkartleggingsrapporten (Punkt 3.4 Artsmangfald, Evertebratar, side 22) er opplyst at det i naboelva Jostedøla er funne artar som er nye for vitskapen, og i tillegg er funne svært sjeldne artar, så må det etter vårt syn vere heilt opplagt at då må godt kvalifiserte fagfolk gjennomføre grundige undersøkingar i Storelva også!
10. **Fisk:** Vi har merka oss det som står i søknaden om at fiskebestanden i Veitastrondvatnet vart merkbart redusert etter kanaliseringa av Storelvi. Vidare er det gitt konsesjon til utbygging av den no viktigaste gyteelva, Elda. Dette betyr at det er viktig å ikkje forverre tilhøva for fisken i Veitastrondvatnet ytterlegare. I den samanheng ber vi NVE om sterkt å vurdere trongen for omløpsventilar i kraftverka i Storelvi for å unngå stranding av fisk lenger nede i elva ved bråstopp i kraftstasjonen.
11. **Landskap:** Der Storelvi etter vårt syn er aller viktigast for landskapet, der den er best synleg for eit stort tal forbipasserande, og der skadeverknadane av ei eventuell utbygging er aller størst, er på den nedre delen av utbyggingsstrekninga for Storelvi

Nedre kraftverk. På denne strekninga vil både den reduserte vassføringa i elva og dei store inngrepa som følgje av nedsprenjing av den doble røygata, bli svært skjemma i landskapet, og redusere landskapet sin verdi. Vi tek med nokre foto frå dette området som illustrasjon på landskapsverdiane. NB! Fotoa vart tekne 11.09.2013 då vassføringa i elva var ganske låg, og mykje lågare enn vanleg sommarvassføring. Fotoa gir derfor ikkje eit heilt rett bilete av korleis elva er i den beste tur- og turistsesongen.

12. **Brukarinteresser:** Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv først i fråsegna. Tilleggskommentar: Vi er einige i at Tungestølen-området er det klårt mest nytta turområdet. Vi er også einige i at tiltaksområdet for Storelvi Øvre kraftverk er lite brukt. Men vi er **ikkje** einige i at tiltaksområdet for Storelvi Nedre kraftverk er lite brukt. Der passerer dei fleste som på går tur i retning Snauedalen, gjennom tiltaksområdet. Dei som kjem med buss til Vårstølen og går derfrå til Tungestølen/Base camp-området går også gjennom tiltaksområdet, og dei som sykklar må gjennom tiltaksområdet. Turistar og andre som kjem med bil og skal i retning Tungestølen/Nyestølen, må alle stoppe ved vegbommen som ligg "midt i" tiltaksområdet. Det er så avgjort konflikstar, så vi meiner at konfliktvurderinga i konsesjonssøknaden er feil når det gjeld Storelvi Nedre kraftverk.

13. **Samandrag av Turlaget sitt syn på utbyggingane:**

- a. **Storelvi Øvre kraftverk:** For dette kraftverket meiner vi at konfliktnivået med mellom anna friluftsliv er innanfor det som er akseptabelt. Vi **aksepterer derfor denne utbygginga**. Dette med atterhald om at eventuelle tilleggsundersøkingar om biologisk mangfald ikkje tilseier noko anna.
- b. **Storelvi Nedre kraftverk:** For dette kraftverket er konfliktane både med friluftsliv og landskap mykje større enn for Storelvi Øvre, noko vi har grunngitt tidlegare i fråsegna. Og så har ein dette med sumverknadane av alle utbyggingane i Veitastrond. **Vi går mot denne utbygginga**. Av desse to meiner vi det er nok å bygge ut Storelvi Øvre!

Øvre- og Nedre Storelvi Kraft (ØNSK):

1. Ja; I samandraget på s. 2 og i hovuddata s. 9 framkjem det at installert effekt er 3,9 MW for Storelvi Øvre og 4,4 MW for Storelvi Nedre. Det er sjølvstakt beklageleg at det har sneke seg inn ein feil på s.12. Vedlagt ny berekning av installert effekt og produksjon basert på tunell som vassveg (vedlegg 3).
2. Det er rett at tal for sommar- og vinterkraft er feil i søknaden. Fordeling mellom sommar- og vinterkraft er ca 74% / 26 % litt avhengig av fallstrekning og val av minstevassføring om sommaren. Sjå vedlagt berekning av produksjon for dei ulike alternativa i vedlegg 3.
3. Vi viser til tidlegare kommentar(ar) nr 3. til Luster kommune vedrørande minstevassføring. Vi reknar med NVE og dei andre høyringspartane danna seg eit inntrykk av vassføring på synfaringa den 31.10.2013. Ut i frå at målestasjonen som er nytta i hydrologirapporten for Storelvi; Bøyumselv (Fjærland), viste 1,88 m³/s for 31.

okt (døgndata) vil ein med omrekningsfaktor på 2,88 få ut at estimert vassføring i Storelvi på 5,4 m³/s denne dagen. Vi meiner 5,4 m³/s skulle være tilstrekkeleg ut i frå landskap og biologiske omsyn.

4. Vi har etter synfaring justert denne vassvegen slik at denne blir liggande i fjell, og det blir difor ikkje behov for mykje fjellsprenging. Det er positivt den opphøvelege løysinga likevel er akseptabel for SFT.
5. Vi har gjort tilsvarande justering på Storelvi Nedre slik at heile vassvegen blir plassert i fjell. I lys av dette meiner vi at det landskapsmessig og inngrepsmessig bør være akseptabelt for SFT å etterkomme denne løysinga.
6. Vi er einige i at stasjonane bør planleggjast i høve til støyreducerande tiltak. Positivt at SFT støttar ei slik vegløyving.
7. Vi meiner området som blir spara her også bør telje i forhold til SFT sitt innspel om å forlenge røyrgata og slå sammen prosjekta til 1 kraftverk.
8. Ut ifrå dei undersøkingane og vurderingane som allereie er utførte av kvalifiserte fagfolk ser vi ikkje behovet for ei ytterligare undersøking.
9. Det er rett at fiskeforekomsten er omtalt i biologirapporten slik SFT kommenterer. Grunnlaget er likevel svakt (referert enkeltperson). Auka minstevassføring i forhold til omsøkt vil i alle høve betra tilhøva for gyting i den grad storelvi vert brukt som gyteplass. Det er likevel grunn til å påpeike at elva er gitt lokal verdi C i verdivurderinga i biologirapporten, og verdisetjinga ikkje er grunngeven i fiskestamma i Veitastrondsvatnet.
Det er tidlegare utført fiskeundersøkelse i Veitastrondsvatnet. Rapporten «Fisk i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane» - Fylkesmannen i S & Fj. Rapport nr. 7 – 2008. Vedlagt utdrag som gjeld Veitastrondsvatnet – vedlegg 4. Det går her fram at det er tynnt med fisk i nordenden av vatnet.
10. Vi meiner tilpassing av vassveg i fjell samt ei høgare minstevassføring på sommartid gjer at ein vil kunne oppretthalde landskapsverdiane som er synt på bileta til SFT også etter ei utbygging.
11. Bruken av Vårstølen og nedre del av tiltaksområdet som turområde er først og fremst knytt til sein sommar/tidleg haust. Vurderinga frå SFT om «eit stort tal forbipasserande» må seiast å vere eit relativt omgrep. Turbruken er avgrensa til nokre enkeltturistar og 1-3 arrangerte turar kvart år. Med auka minstevassføring og god kvalitet på terrengoppussinga meiner vi dei negative verknadene for landskapet vert svært små.
12. Oppsummering:
 - a. Det er positivt at SFT, til liks med dei andre høyringspartane, aksepterer denne utbygginga.
 - b. Vi meiner synfaringa med NVE, samt tilpassingane som no er lagt inn i prosjektet (med høgare minstevassføring og vassveg/kraftstasjon i fjell) bør være overkommeleg inngreps- og landskapsmessig i forhold til å ikkje gå i mot utbygginga.

Oppsummering/Avsluttande kommentarar

Vi registrer at ingen av høyringspartane er negative til Øvre- Storelvi Kraft og at både kommunen og fylkeskommunen er positive til tiltaket.

Når det gjeld Nedre- Storelvi Kraft er kommunen og fylkeskommunen positive til tiltaket dersom vilkåra for minstevassføring blir justert. Vidare går Fylkesmannen si miljøvernavdeling og Sogn og Fjordane turlag i mot prosjektet.

Vi har fått innspel om tiltak for støydemping til prosjektet, og kjem til å følge dette opp under ein eventuell detaljplanprosess.

På bakgrunn av dette tilrår vi NVE å gå inn for konsesjon på Øvre- og Nedre Storelvi Kraftverk – til liks med Luster kommune og Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane. Eit prosjekt med kontinuerleg tunnel frå inntaket i øvre fall til stasjon i nedre fall vil etter vårt syn vere det beste i høve til landskapsinngrep.

På vegne av grunneigarane i Øvre- og Nedre Storelvi Kraft,
vennleg helsing

Kjell Jarle Bruheim

Vedlegg 1: Notat Bystøl – endring i tekniske planar, vassveg i tunnell.

Vedlegg 2. Kart Øvre- og Nedre Storelvi Kraft

Vedlegg 3: Reviderte produksjonsestimat (tunell og ulik minstevassføring)

Vedlegg 4: Utdrag frå rapporten «Fisk i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane» - Fylkesmannen i S & Fj. Rapport nr. 7 – 2008